



VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I STRYN

Vedtekne i sektorutvalet for skule og kultur 25.11.2015 (SK-036/15) med verknad frå 01.01.2016

1. LOV- OG REGELVERK

Barnehagen vert driven i samsvar med Lov om barnehagar av 17. juni 2005 nr. 64 med forskrifter (Barnehagelova), gjeldande føresegner og retningslinjer fastsette av Kunnskapsdepartementet og kommunale vedtak.

2. FAGLEG OG ADMINISTRATIVT ANSVAR

Skule- og kulturutvalet har det overordna faglege og administrative ansvaret. Skule- og kulturutvalet har etter Opplæringslova § 5-7, ansvaret for spesialpedagogiske tiltak i barnehagane. Kommunen fører tilsyn med barnehagane (jf. Barnehagelova § 16).

3. FØREMÅL

Lov om barnehagar § 1:

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. ...”

4. INNHOLD

Lov om barnehagar §2 om innhaldet i barnehagen seier mellom anna at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Barnehagen skal støtte heimane i deira omsorgs- og oppdragaroppgåver, og på den måten skape eit godt grunnlag for barna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking i eit demokratisk samfunn.

Rammeplanen del 2 seier mellom anna at barnehagen skal sjå omsorg og oppseding, lek, læring og sosial og språkleg kompetanse i ein samanheng. Barnehagen skal vere ein kulturarena der barnet er medskapar av sin eigen kultur. Alt dette er ein del av innhaldet i barnehagen, og ein må sjå på det som ein del av ein samnvoven og kompleks heilskap. Innhaldet er delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.

Lov om barnehagen § 2 seier også:

”... Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver. Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.”

5. STYRINGS-/RÅDSORGAN

Kvar einiskild barnehage skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd. Jf. Lov om barnehagar § 4 og 5. Sjå også merknader til Barnehagelova § 4 og 5.

Der barnehage og skule har felles administrasjon, er det felles samarbeidsutval for barnehage og skule.

6. RUTINAR VED OPPTAK

Alle barn som har fylt eitt år innan utgangen av august har rett til barnehageplass frå august, dersom det er søkt om barnehageplass innan søknadsfristen for hovudopptak. Jf. Lov om barnehagar §12a.

Opptak skjer kontinuerleg innan fastsett utnyttingsgrad og bemanningsplan. Etter hovudopptak frå 1. august vil nytt opptak ikkje bli gjort før med verknad frå 1. oktober, dersom opptaket krev endra bemanningsplan.

Søknad om plass eller utvida plass i barnehage skal gjerast elektronisk på Stryn Kommune si heimeside: www.stryn.kommune.no

Melding om delvis oppseiing av plass skal også gjerast elektronisk.

Oppseiing av heile plassen skal gjerast skriftleg og sendast skule- og kulturetaten via barnehagen. Sjå også punkt 12 om oppseiing.

Opptak vert gjort etter søknad og etter gjeldande lov og vedtekter. Hovudopptak vert kunngjort i lokalpressa med søknadsfrist 1. mars. Ein vil ikkje ta omsyn til for seint innkomne søknader, dersom ikkje særskilde grunnar talar for det. Jf. Barnehagelova § 13 om prioritet ved opptak. Barn som har fått plass i barnehagen, beheld plassen til den vert oppsagt og ikkje særlege tilhøve krev endring.

Hovudopptaket vert gjort med oppstart 1. august kvart år.

For å unngå suppleringsopptak 1. januar og legge best mogeleg til rette for stabile barnegrupper, fyller ein barnegruppene ved hovudopptaket 01.08. Barn som fyller 3 år før 01.05 vert då tekne inn som 3-åringar.

Opptaket vert gjort etter prioritering av søknadane i tråd med punkt 7 i vedtektene.

Opptaksmynde er delegert til rådmannen (vidaredelegert til skule- og kultursjefen).

Barneverntenesta/pedagogisk psykologisk tenestekontor (PPT) skal kontaktast og vere med på råd ved opptak.

Stryn kommune har ein samordna opptaksprosess for å sikre lik handsaming av barn og av kommunale og private barnehagar.

Klagenemnda er ankeinstans. Klager skal sendast skule- og kulturetaten.

Før barnet tek til i barnehagen, skal foreldre legge fram erklæring om barnet si helse. (Jf. Barnehagelova § 23)

7. PRIORITERING VED OPPTAK

Dersom ein søkjar får tilbod om endring av plass, fell det tidlegare tilbodet bort.

Ved opptak vert det teke omsyn til følgjande prioritering:

1. Barn med nedsett funksjonsevne. Jf. Barnehagelova § 13
2. Barnevern/førebyggjande tiltak. Jf. Barnehagelova § 13
3. Minoritetsspråklege born med foreldre som har rett til deltaking i introduksjonsprogrammet. Jmfr. Introduksjonslova.
4. Kommunalt tilsette der rekruttering av nøkkelpersonar er prioritert. (T.d. sjukepleiarar og legar.)
5. Førskulebarn; barn som skal ta til på skulen innan eitt år.
6. Barn som allereie har fått tildelt plass, vert prioritert framom nye søkjarar.
7. Barn som ønskjer å flytte frå ein krins til ein annan innan kommunen, vert prioritert framom nye søkjarar ved hovudopptaket. Etter skjønn kan slik prioritet også gjevast elles i barnehageåret.

8. Sosiale tilhøve; barn frå familiar med vanskar av særleg grad, t.d. sosiale, psykiske eller økonomiske vanskar. Ein nyttar her individuell vurdering.
9. Dei eldste søkjarane blir prioriterte ved opptak dersom det ikkje ligg føre spesielle omsyn.

Ved hovudopptaket vil ein så langt råd er og etter skjønn, gje tilbod om plass til søsken i same barnehage.

8. UTVIDA/ENDRA TILBOD

Utvida/endra tilbod kan avtalast for einskilde barn som kriseløysingar i avgrensa periodar. Slike kriser kan t.d. vere alvorleg sjukdom/dødsfall i familien til barnet eller andre uventa vanskar. Ein nyttar her individuell vurdering.

Styraren i barnehagen avgjer om løysingane kan gjennomførast med omsyn til korleis barnegruppa fungerer og om ein har nok bemanning. Rådmannen er anke/klageinstans. Klager skal sendast skule- og kulturkontoret.

9. OPNINGSTID

Barnehageåret varer frå 01.08. - 31.07.

Barnehagane held stengt dei 4 siste vekene i juli. Barnehageruta fastsett stengingstidspunkta. Barnehagane er opne alle yrkedagar (måndag - fredag) med unntak av fem kurs- og planleggingsdagar samt fire veker i juli. Sjå også punkt 10 om ferie. Elles gjeld kommunal opningstid med stengt jule- og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl 12.00.

Opningstida er frå kl 07.30 - 16.30. I særskilde tilfelle kan foreldre søkje skriftleg til styrar med grunngjeve behov om 15 minutt utvida opningstid anten på morgonen eller på ettermiddagen. Dette gjeld t.d. foreldre som har arbeidstid frå kl 07.30 eller til kl.16.30 og kan ha vanskar med å nå barnehagen innanfor den ordinære opningstida. Brukarbehovet vil vere avgjerande for om barnehagen er open heile året utover fellesferien og planleggingsdagane. Barnehagar med ønskje om anna opningstid enn den ordinære (reduksjon eller auke) kan få høve til det ved å søkje til barnehageadministrasjonen.»

10. FERIE

I løpet av eit barnehageår skal alle barn ha fem veker ferie. Ei veke blir brukt i samband med kurs- og planleggingsdagar fordelt på heile året, jf. barnehageruta. Dei siste 4 vekene vert tatt ut i samband med sommarstenging av barnehagane. Sjå også punkt 9 om opningstid.

11. FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset betalingsattsar etter tilråding frå skule- og kulturutvalet.

Betalingsattsar vert fastsett i tråd med Kunnskapsdepartementet si forskrift for foreldrebetaling i barnehagar. Nye satsar/forskrift for foreldrebetaling i kommunale barnehagar i Stryn, vert vedtekne i kommunestyret i desember kvart år.

Foreldrebetaling vert kravd i 11 månader per år. Betaling skjer forskotsvis til økonomiavdelinga i Stryn kommune per 15. kvar månad. Dersom foreldrebetaling har stått til forfall ein månad etter første betalingsvarsel, vert barnet oppsagt frå plassen. Oppseiingstida er ein månad frå den dato oppseiing er sendt. Skule- og kulturutvalet kan i særskilde høve fråvike reglane etter søknad.

Det blir ikkje gjeve friplassar i barnehagane, men det er høve til å søkje økonomisk støtte frå sosialkontoret.

Den enkelte barnehage kan krevje betaling ved sein henting av barn. Slik praksis skal vere gjort kjend for foreldra i årsplan, eventuelt i eige skriv.

12. OPPSEIING

Oppseiingstida er 1 måned frå den 1. i kvar måned. Oppseiinga skal gjerast skriftleg og sendast barnehagen. **Det er ikkje høve til å seie opp/reducere plassen seinare enn 01.03. i barnehageåret.** Ved oppseiing etter 01.03, må foreldrebetalinga halde fram med fast månedleg beløp ut barnehageåret.

For dei som har teke imot, men likevel ikkje nyttar tildelt plass frå 1. august, vert det å betale for august.

13. PEDAGOGISK BEMANNING

Barnegruppa skal ha ein pedagogisk leiar og ein førskulelærer per 20 heildagsplassar når barna er over 3 år. Talet på barn vert redusert i høve tal barn i gruppa under 3 år.

14. AREAL

Leike- og opphaldsarealet per barn skal vere 4 m² inne og om lag seks gonger så stort ute. Uteleikeplassen skal vere spesielt tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene i barnehagane. For barn under 3 år er leike- og opphaldsarealet per barn 5,3 m²inne.

Ved barnehagar som organiserer store deler av drifta si med hovudvekt på uteaktivitetar og friluftsliv, kan ein redusere på arealkravet om 4 kvm. pr. barn over 3 år, t.d. natur- og friluftsbarnhagar og mobile barnehagar (barnehagebuss).

15. INTERNKONTROLL

Overordna system for internkontroll og kvalitetssikring for Stryn kommune vart vedteke i kommunestyret 04.07.2001 (KS-064/01).

Med bakgrunn i overordna retningsliner har skule- og kulturetaten utarbeidd felles system for internkontroll for barnehagane (og skulane) i Stryn kommune.